

# Møteprotokoll

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

**Møtested:** Norsk Fjellmuseum / videokonferanse med Luster og Årdal

**Dato:** 11.05.2015

**Tidspunkt:** 12:00 – 16.

## Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Mai Bakken	Leiar	
Iselin Jonassen	Medlem	

## Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Frida Melvær	MEDL	
Jørand Ødegaard Lunde	MEDL	
Arild Ingar Lægreid	MEDL	
Vidar Eltun	MEDL	

## Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Tor Jevnheim	Jørand Ødegaard Lunde	
Marie Helene H. Brandsdal*	Arild Ingar Lægreid	

## Merknader

Aud Irene Hamre Rogn kalla inn for Vidar Eltun, men kunne ikke møte.

Aleksander Øren Heen kalla inn for Frida Melvær, men kunne ikke møte.

Ivar Kvalen meldte forfall rett før møtet, da det var for seint å kalle inn vara.

\* Brandsdal måtte forlate møtet før sak 38/15 var ferdigbehandla. Møtet ikke vedtaksført i sak 38, så saka vart godkjent ved e-postbehandling i etterkant av møtet.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar
Magnus Snøtun	Nasjonalparkforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

Mai Bakken  
(sign.)

---

Iselin Jonassen  
(sign.)

---

Tor Jevnheim  
(sign.)

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 33/2015	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 34/2015	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2015 - Bruk av helikopter og snøscooter for bremålingar – NVE		2015/2955
ST 35/2015	Jotunheimen nasjonalpark - Disensasjon - Forskning 2015-2016 - Innsamling av jordprøver og plantemateriale ved Hellstugubreen - Mikael Ohlson NMBU		2015/1873
ST 36/2015	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2015 - Innsamling av plantemateriale - Christian Brochmann, Universitetet i Oslo		2015/2956
ST 37/2015	Eventuelt		
ST 38/2015	Jotunheimen nasjonalpark - Besøksforvaltning - Pilot innfallsport Sognefjellhytta – Forprosjekt		2015/213
ST 39/2015	Sak - Jotunheimen nasjonalpark - Fanaråken Opp - IL Fanaråk		2015/1808

### ST 33/2015 Godkjenning av protokoll/innkalling

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 11.05.2015**

### Vedtak

Innkalling godkjent.

Aksept for å behandle tilleggssak som vart ettersendt, Fanaråken opp, sak 39/15.

Iselin Jonassen og Tor Jevnheim vart valde til å skrive under protokollen

## **ST 34/2015 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2015 - Bruk av helikopter og snøscooter for bremålingar - NVE**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 11.05.2015**

#### **Vedtak**

Med heimel i § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, jf. naturmangfaldlovas § 48, får NVE v/ Liss Marie Andreassen saman med nederlandske kollega dispensasjon for bruk av drone (elektrisk drive fjernstyrte luftfarty) til fotografering/filming over Storbreen i Jotunheimen i tråd med søknad av 27.04.15.

Dispensasjonen gjeld med følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld for området rundt Storbreen
2. Tidsrom: Inntil 2 dagar i perioden august/september 2015.
3. Flyging skal så langt det er råd ikkje skje på helgedagar.
4. SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding om dato(ar) seinast dagen før flyging.  
Mobil 959 65 158, eller e-post [rigmor.solem@miljodir.no](mailto:rigmor.solem@miljodir.no)
5. Flyging nær vilt og beitedyr skal unngåast.
6. Av omsyn til friluftslivet bør ein halde avstand til eventuelle turfolk i området.
7. Nasjonalparkforvaltninga ber om tilbakemelding i form av rapport som viser resultat av kartlegginga.

## **ST 35/2015 Jotunheimen nasjonalpark - Disensasjon - Forskning 2015-2016 - Innsamling av jordprøver og plantemateriale ved Hellstugubreen - Mikael Ohlson NMBU**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 11.05.2015**

#### **Vedtak**

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Mikael Ohlson, NMBU, dispensasjon frå verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 2.1 for innsamling av jordprøver og flytting av planter innan eit område i tråd framfor Hellstugubreen, slik det går fram av søknad datert 06.03.15. Løyvet inneber at det for forskingsformål er høve til å samle inn ca. 100 jordprøver med frømateriale og å flytte ca. 25 eksemplar av kvar av artane fjellsyre, fjellskrinneblom, stjernesildre, issoleie, fjellrapp og fjellarve.

Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for 2015-2016, i området framfor Hellstugubreen.
- Det skal berre samlast inn og flyttast det som er nødvendig for dokumentasjon og analysar av dei utvalde artane.
- Ved avslutning av prosjektet må all merking i terrenget fjernast.
- For tilbakemelding til nasjonalparkforvaltninga om resultata av undersøkingane vil ein be om kopi av eventuelle fagrapportar frå prosjektet.

**ST 36/2015 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2015 - Innsamling av plantemateriale - Christian Brochmann, Universitetet i Oslo**

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 11.05.2015**

**Vedtak**

Professor Christian Brochmann ved naturhistorisk museum, Universitet i Oslo, får med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 1.2. m) løyve til innsamling av artane *Phyllodoce caerulea* (blålyng), *Polygonum viviparum* (harerug), *Rhodiola rosea* (rosenrot) og *Cardamine bellidifolia* (høyfjellskarse) i området rundt Gjendesheim. Løyvet gjeld også for området rundt Juvvasshytta/Juvflye, i den grad det er nødvendig med innsamling innan nasjonalparkgrensa.

Løyvet omfattar samling av nødvendige herbariebelegg av artane, og blad frå fleire planter for genetiske analyser.

**ST 37/2015 Eventuelt**

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 11.05.2015**

**Vedtak**

Ingen saker teke opp under eventuelt.

# **ST 38/2015 Jotunheimen nasjonalpark - Besøksforvaltning - Pilot innfallsport Sognefjellshytta – Forprosjekt**

## **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 11.05.2015**

Presentasjon av Miljødirektoratets merkevarestrategi v/ Asgeir Meland og forprosjekt frå Dronninga Landskap v/ Ragnhild Momrak vart gjennomført på Norsk Fjellmuseum, med følgjande til stades i Lom:

Nasjonalparkstyret:	Mai Bakken, Iselin Jonassen og Tor Jevnheim
Miljødirektoratet:	Asgeir Meland og Garte Sønstebø
Sognefjellshytta:	Råmund Mundhjeld
Statskog:	Trond Berger
Lom Fjellstyre:	Odd Repp
Dronninga Landskap AS:	Ragnhild Momrak
Møtesekretær:	Kari Sveen

Presentasjonen overført via videokonferanse til styremedlem (vara) Marie Helene Hollevig Brandsdal i Årdal og nasjonalparkforvaltar Magnus Snøtun i Luster. Hollevig Brandsdal måtte forlate konferansen før sakavt behandla. Styret vart etter dette ikkje lenger vedtaksført, og sak 38/2015 (nytt saksnr. på sak 30/15 som vart utsett frå møtet 4. mai) må etterbehandlast ved e-post.

Merknader frå deltakarane utanom styret:

Sognefjellshytta ser tilrettelegginga som eit positivt element. Skiløypa på sørsida av Fantesteinvatnet vil redusere tilgjengelet for rullestolbrukskarar ein kort periode frå området blir tilgjengeleg etter vinteren og fram til skisesongen er slutt. Kan vera inntil 1-2 veker. Viktig at rastepllass/oppholdsstad på sørsida av vatnet blir lokalisert og utforma slik at det ikkje blir konflikt med løypekjøringa. Detaljar rundt dette kan avklarast ved detaljplanlegging og befaring i felt.

Trond Berger i Statskog ser tilrettelegginga som fullt ut i tråd med deira intensjonar om å leggje til rette for allmenta. Dette under føresetnad av at fjellstyret ikkje ser ulemper.

Fjelloppsyn Odd Repp såg ingen konflikter med brukarinteresser i dette området. Vil leggje sakavt fram for fjellstyret.

Lom kommune v/ ordførar ser tilrettelegginga som positiv, men det er nokre formelle sider knytt til byggesaksbehandling av bru som må gjennom systemet.

Merknad til planksisse med ein låg mur som skilje mellom Fv. 55 og gangvegen på nordsida av Fantesteinvatnet: Statens Vegvesen har ved e-post av 29.04.15 gjort klart at minimumsavstand frå kantlinje til ein slik installasjon er 3 m lang veg med 60 km/t fartsgrense, slik at tiltaket ikkje kan realiserast. Trafikktryggleik er vurdert som tilfredsstillande med den trafikken ein har på denne vegen, men vegvesenet er positive til å utvide 60-sonen til vestenden av Fantesteinvatnet.

Forslaget frå Dronninga Landskap legg vekt på minst mogleg spor i terrenget. Runden på ca. 800 meter rundt Fantesteinvatnet er forslått med best mogleg terrengrømping, der traseen følgjer landskapet. Det er ein balanse mellom parametrane tilgjenge for alle

og landskapstilpassing. Bru med eitt spenn vil gje ein nokså massiv konstruksjon. Dersom vatnet ikkje er for djupt, vil deling i to eller tre truleg verta rimelegare, og gje betre tilpassing ved ei slankare bru som høver betre i det opne landskapet. Det er eit utfordrande element med tanke på snø/is og lite tid til grunnundersøkingar m.m.

#### **Tilråding om vedtak frå dei som var til stades:**

- Nasjonalparkstyret vert inviterte til å koma med synspunkt på dei ulike elementa i forslag til tilrettelegging som blir presentert i møtet. Oppsummering av diskusjon:
  - Høg kvalitet på tilrettelegginga vil vera viktig.
  - Informasjonen må formidle noko om nasjonalparken generelt, og bør ha stor overføringsverdi til andre innfallsportar.
  - Styret ser positivt på å arbeide vidare med ei bru som deler spennet i to eller tre, for betre linjeføring og smekrare brukkonstruksjon
  - Det er ønskjeleg å frå fram tilgjengeleg informasjon om området via QR-kodar, men dette treng ikkje nødvendigvis vera direkte knytt til den fysiske tilrettelegginga som nå er under planlegging. Likevel viktig å vurdere slike element på generell basis for å få ei aktiv besøksforvaltning med noko som appellerer til alle grupper besøkande.
- Synspunkta frå nasjonalparkstyret vert tekne med i det vidare arbeidet, der nasjonalparkforvaltarane må samarbeide tett med Miljødirektoratet fram mot detaljprosjektering for å finne ut kva det er mogleg å få inn i det endelige prosjektet innan den økonomiske ramma direktoratet har for pilotsatsinga. Detaljprosjektet skal spegle den nye merkevarestrategien for dei norske nasjonalparkane. Vidare må det vera tett dialog med eigar av Sognefjellshytta, Nasjonale Turistveger og Oppland fylkeskommune for å tilpasse tilrettelegginga til det som er etablert på staden.
- Detaljprosjektet vert lagt fram for styret før ein definerer endelig innhald i utgåande tilbod for utbygging. Etter planlagt tidsskjema skal detaljprosjekt liggje føre 1. juni.

-----

Tilrådinga vert sendt for godkjenning via e-postbehandling.

#### **Vedtak:**

Samrøystes som tilrådinga, etter e-postbehandling med vedtaksført styre.

# **ST 39/2015 Sak - Jotunheimen nasjonalpark - Fanaråken Opp - IL Fanaråk**

## **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 11.05.2015**

### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark §3 pkt. 5.2 løyve til å arrangere Fanaråken Opp. Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld konkurranse- og mosjonsløpet Fanaråken Opp ein laurdag i august for åra 2015-2020.
- Deltakartalet skal ikkje overstige 400 i konkurranseklassa.
- Deltakarar og publikum skal gjerast kjende med kva for del av løypa som går i nasjonalparken
- Deltakarane skal følgje merka sti. For å unngå trakk og slitasje utanfor sti, bør arrangøren legge til rette for retur ned vintersvegen.
- Det er ikkje lov å nytte sko med metallpiggar under arrangementet
- Fysisk merking, sikringsutstyr og drikkestasjonar skal fjernast så raskt som mogleg etter at løpet er avvikla
- Etter at arrangementet er gjennomført, skal stien/trasèen opp til Fanaråken turisthytte gåast over og eventuell søppel fjernast.
- Reklame skal ikkje plasserast i nasjonalparken.
- Høgtalaranlegg skal ikkje nyttast til anna enn ordinær speakerteneste i tilknyting til løpet i nasjonalparken. Lydnivå skal avgrensast mest mogleg for å unngå støy i nasjonalparkområdet, jf. verneforskrifta § 3, pkt. 7.3.
- Arrangøren skal etter løpet innan 30.10. kvart år sende rapport til Nasjonalparkstyret, m.a. med tal deltakarar (både konkurranse og mosjon) og røynsler som er viktige for framtidige arrangement
- Arrangøren tek ansvar for at stien skal vere i like god stand etter løpet som den var på førehand, jf vedlikehald og steinmuringsarbeid som vert gjennomført i 2009 og 2010. Eventuelle skadar skal reparerast snarast råd, og innan 15.september.

Dersom løpet skal arrangerast i 2020, må det sendast ny søknad. Det vil også då vere aktuelt å gi løyve for fleire år.

Sidan det er DNT som eig Fanaråken turisthytte, gjer vi merksam på at arrangøren også må innhente løyve frå dei.